

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0197	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Regionale utviklingsprosjekt Hordaland			
<b>Prosjektnavn</b>	Servicebygg Røldal bygdemuseum/Pilegrimssenter			

### Kort beskrivelse

Odda kommunestyre vedtok prosjektplan for servicebygg/visningscenter ved Røldal bygdemuseum i 2009, men dette har av ulike grunner ikke blitt gjennomført ut fra plan. Blant annet har det vært nødvendig med drenering av område før utbygging. No ønsker ein å få satt opp servicebygg og kombinera dette med kontor og visningsrom for pilegrimsarbeidet i bygda ettersom pilegrimssenter ikke er realisert pr idag.

### Prosjektbeskrivelse

Som nemnt er dette eit ferdig planlagt prosjekt på eit servicebygg på Røldal bygdemuseum med universell utforma toalett, med eit lite kjøkken, eit lite visningsrom med plass til prosjektor og lerret. Å få sett opp dette bygget er heilt naudsaamt for å ta Røldal bygdemuseum i meir aktiv bruk og også i samsvar med vedteken museumsplan. Grunnen til at vi no prøver å realisera prosjektet og ser det i ein regional samanheng, er erkjennelsen av at det er utruleg viktig at pilegrimsarbeidet og aktiviteten vert oppretta som organisasjon og at denne organisasjonen bør ha eit kontor i samband med bygdemuseet og med eit tilhøyrande mogleg visningsrom der ein også kan laga ein enkel utstilling og kanskje også vise eit biletspel som no er under arbeid ved Randi Storaas. Røldal er eit svært viktig pilegrimsmål, og det kjem pilegrimmar og besøkande frå alle himmelretningar. Det er blitt etterlyst ein fastare organisasjon og ein stad /kontor der all info, alle organisering og vidare arbeid skal gå ut frå. Eit kontor på bygdemuseet er eit solid steg på vegen. Ettersom idag bygdemuseet manglar både vatn, straum og toalett samt parkering, begrensar dette bruk og då også viktig kulturminneformidling. Ved å setja opp den gamle borgstova(som beskrive i vedlagt prosjekt) vil ein også frigjera plass i løa som då kan nyttast til utstillingslokale. Å få eit kontor knytt til pilegrimsarbeidet i Røldal med også muligheter for å stilla ut gjenstandar og visa biletspel er eit prosjekt med store regionale ringvirkningar ettersom pilegrimstradisjonen trekker folk frå både innland og utland.

### Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
<b>Søker / Prosjekteier</b>	Odda kommune Org.nr:964967814	Opheimsgt. 31 5750 ODDA	97558487
<b>Kontakt- person</b>	Else Marie Sandal	Opheimsgt 31 5750 ODDA	97558487
<b>Prosjekt- leder</b>	Jorunn Monrad	Opheimsgt 31 5750 ODDA	97558498

**Mottatt offentlig støtte tidligere:** Nei

nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Bakgrunn for søknad er i hovudsak å nytta unikt kulturminnearbeid og tradisjon som ledd i eit større omstillingsarbeid som er knytt til at E134 om kort tid vert lagt i tunnell utanfor Røldal og ein må då vera spennande og interessant nok til at besøkande framleis vil køyra av veggen og stoppa. Bygda jobba no med å auke besøks og bustad-attraktiviteten for å ha ein veg inn i framtida. Ein treng fleire bein å stå på enn den sesongprega vinterturismen. Eit av tiltaka er eit ønske om fortgang i prosjektet knytt til servicebygg på Røldal bygdemuseum/bygdetun. Grunnen til at me set prosjektet inn i ein regional samanheng er ideen om å koble saman bygdemuseet med det aller viktigaste kulturminnearbeidet som me finn i bygda, arbeidet knytt til pilegrimsvandringane til Røldal stavkyrkje og krusifikset som gjekk føre seg frå 13000-talet og like til 1835. Dette er ei unik pilegrimstradisjon og forteljing av nasjonal betydning, og pilegrimsmålet er framleis i kyrkja. No er vandringane tekne oppatt og det er pilegrimsstevne i bygda rundt 6.juli kvart år. Det er stort regionalt engasjement og stor regional støtte i forhold til arbeidet rundt Røldal som pilegrimsmål. I sommar har me både hatt besøk av Bjørgvin bisperåd med Biskopen for å diskutera arbeidet rundt utviklinga av pilegrimsmålet og direktør ved nasjonal pilegrimssenter i Trondheim, Hans Morten Løvrød. Viktige tilbakemeldingar rundt desse møtene var at ein treng ein fast organisasjon og eit kontor som kan stå som koordinator for vandringane, vegane, utviklinga av innhald og aktiviteter. I den samanheng kan bygdemuseet både vera utstilling og kontor

Bygdemuseet skal skape aktivitet i museet, bli et kultursentrum, og samtidig være springbrett og nervesentral for utvikling av pilegrimssenter. I tillegg har ein starta eit prosjekt kalla Røldal 2020 som set fokus på at E 134 kjem til å gå i tunnell utanfor bygda og ein då treng å auke besøksattraktivitet og busetjingsattraktivitet i bygda. Det må vera god grunn til å kjøra av veggen og stoppa.

### Prosjekt mål

- 1) Realisera målsetjing i museumsplan fro Røldal bygdemuseum å gjera museet meir tilgjengelig og brukarvenleg ved å setja opp servicebygg.
- 2) Lyfta organisasjonen Pilegrimssenter i Røldal ved å få eige kontor og visningsrom slik at pilegrimar og andre besøkande kan bli kjent med forteljinga og pilegrimshistorien gjennom utstilling og biletspel og få informasjon om vandringane. I tillegg skal kontoret vera knutepunkt for arbeidet som vert gjeort for å utvikla Røldal som pilegrimsmål, vedlikahalda vegar og stiar, utvikla ei bygde-pilegrimsløype m.m.
- 3) Ved å få sett opp eit servicebygg kan Røldal bygdemuseum i mykje større grad fungera som eit besøksmål og eit kulturbygg for bygda og distriktet rundt. Ein kan arrangera konsertar, utstillingar og aktiviteter knytt til pedagogisk kulturminnearbeid slik ein har sett mål av seg i museumsplanen.

### Forankring

Prosjektet er fyrst og fremst forankra i politisk vedtak i Odda kommunestyre om å setje fokus på omstillinga i Røldal jfr. omlegging av E134 og korleis auke bukvalitet, besøkskvalitet, styrka attraktivitet og gjera Røldal regional og nasjonalt interessant.

Prosjektet er forankra i prioriterings plan i Museumsplan for Røldal bygdemuseum vedteke i kommunestyret i Odda (sjå vedlagt dokument nr 2) og Kulturminneplanen for Odda kommune vedteke i 2012-2020.

Tiltak vil også vera solid forankra i regional kulturplan for Hordaland i forhold til mål:

"Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, oppleving og bruk skal løftast fram"(punkt

17) og Punkt 20: "det lokale kulturminnevern og museumsarbeidet skal styrkast"

I forhold til det regionale perspektive er det likevel Pilegrimstradisjonen, krusifikset og vandringane med regionalt, nasjonalt og internasjonalt nedslagsfelt som er aller viktigast. Her er betydning forankra i Pilegrimsutgreiinga "På livets vei" Pilegrimsmotivet et nasjonalt utviklingsprosjekt. Pilegrimsutgreiing frå Kultur og kirkedepartementet utredet av Per Kvistad Uddu i 2009. Der står det mellom anna: "

"Et regionalt pilegrimssenter i Røldal må vera eit kontakt og kompetansesenter for pilegrimsvandringane på vestlandet, med koordineringsansvar for veiruter og vandringer. I nasjonalt perspektiv kan man utvikle og ta ansvar for sykevalfarten og votivgavetradisjonen i Røldal som et særtrekk som kan løftes frem i historieformidlingen og identitetskapingen rundt pilegrimssenteret. Pilegrimssenteret vil også ha ein lokal betydning for innbyggerne, som et aktivt knutepunkt for åndelige verdier"

Kulturkontoret vil kunne fungere som nervesentral både for utviklingen av Pilegrimssenteret og for utviklingen av Røldal bygdemuseum til et levende aktivitetssentrum og en turistattraksjon, og fremme både næringslivet i bygda og skape samhold og identitet.

### **Prosjektorganisering**

Prosjekteigar er Odda kommune ettersom Røldal bygdemuseum er eit kommunalt museum. Der kan me også nemne at museet er inne i ein prosess for å knyte det nærare Hardanger og Voss museum. Prosjektleiari er vår kulturminneansvarleg/byantikvar Jorunn Monrad.

### **Samarbeidspartnere**

Samarbeidpartar for arbeidet med servicebygget vert styret i Røldal bygdemuseum, Røldal historielag og bygda generelt når det gjeld dugnad. Elles vil me samarbeida med gruppa som arbeidar med pilegrimstradisjonen som består av reiselivslaget, soknerådet og politisk nivå Odda kommune.

### **Aktivitetar**

Setje opp det fysiske bygget med universiell utforming  
Utvikle utstilling/biletspel/program  
Etablere eit kontor for pilegrimsarbeidet

### **Målgrupper**

Folk i Røldal i alle aldersgrupper  
Turistar/besøkande  
Pilegrimsvandrarar  
Kulturinteresserte  
Elevar og studentar

### **Resultat**

Servicebygg med universiell utforming  
Eit etablert kontor for all pilegrimsverksemd

### **Effekter**

Auka bruk av museet  
Auka besøkstal.  
Auka attraktivitet for bygda.  
Eit nytt besøksmål.

Samfunnseffekter er knytt til å skapa eit større mangfold og auka attraktivitet, samt styra identitet og involvering frå bygdefolket.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Arbeidet med Servicebygget må byrja når snøen er vekke i Røldal. Bygget er ferdig teikna og prosjektert så arbeidet kan starta når finansieringa er klar. Ein ønsker å nytta lokale handverkarar med faglig veiledning frå hardanger og Voss museum både for å spara pengar og for å kunna følge ein tett tidsplan. bygget bør stå ferdig i god tid før snøen kjem hausten 2016.

- 1) Klargjering tomt/tilkomstveg/parkeringsplass
- 2) gravearbeid vann/kloakk
- 3) Fundament/byggeprosess
- 4) Elektrisk arbeid

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Administrasjon/planlegging/arkitekt	70 000	30 000				100 000
Byggemateriale		300 000	100 000			400 000
Invetar, utstyr		400 000	300 000			700 000
klargjering tomt, gravearbeid, vann, røyr		300 000				300 000
Leige arbeidskraft leige snikker, elektrisk, røy		500 000				500 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>70 000</b>	<b>1 530 000</b>	<b>400 000</b>			<b>2 000 000</b>

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
Odda kommune, kulturminneplan	100 000	100 000	100 000			300 000
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	1 000 000					1 000 000
Røldal 2020, prosjektmidler	200 000					200 000
Røldal bygdemuseum eigenandel	300 000	100 000	100 000			500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>1 600 000</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>			<b>2 000 000</b>

## Geografi

1228-Odda

## Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
--------------	--------------	------

museumsplan Røldal.pdf	19 255 139	29.09.2015
servicebygg Røldal.pdf	14 146 429	29.09.2015